



HERØY KOMMUNE

REFERAT FRÅ

DATO: 14.09.2020, 11:00-12:20

TIL STADES: Sven Martin Tønnesen, Jarle Strand, Kystverket

Frank Roy Moltu, Folkelista/SP, Tine Storøy, H, Bjarne Kvalsvik, Folkelista/SP, Aleksander Tarberg, KrF, Bjørn Prytz, Ap, Karl Oskar Sævik, FrP

Trond Arne Aglen, kommunedirektør, Andreas Chr. Nørve, kommunalsjef samfunnsutvikling, Fred Arnesen, avdelingsleiar Anlegg og drift, Ole Magne Rotevatn, avdelingsleiar utvikling,

REFERENT: Ole Magne Rotevatn

BAKGRUNN FOR MØTET:

Kommunestyrevedtak knytt til utdjuving Fosnavåg hamn der kommunen vedtek å ikkje gå vidare med prosjekt.

Referat frå møtet:

Kystverket forstår det slik at det er nye moment som ligg til grunn for avslaget i Kommunestyresaka, stemmer det?

Herøy kommune meiner usikkerheitsmomenta er at:

- Fosnavåg Pelagic krev ein garanti for tap av driftsinntekter dersom dei må stenge produksjonen i prosjektperioden.
- Udefinert risiko på 0-25 mil, knytt til:
 - o Mudringsprisane er usikre og kan stige fordi Fosnavåg pelagic(FP) gir oss visse tidsrom det kan byggast. Det er også usikkerheite knytt til størrelsen på deponiet.

I hovudsak er det såleis tre moment som gir stor usikkerheit i prosjektet: Mudringspris og deponistørrelse, garanti for tapte driftsinntekter på Fosnavåg pelagic og ein generell udefinert risiko på 0-25mill.

Kystverket meiner at dersom dette prosjektet ikkje vert gjennomført no, så må det gjennomførast på seinare tidspunkt. Korleis stiller FP seg til dette?

Etter det kommunen kjenner til så har FP berre behov for utsprenging av nokre få nabbar i hamna. Då vil dei ha seglingsdjupne som er tilstrekkeleg på kort sikt.

På kort sikt er det tilstrekkelege forhold i hamna, men aktørane vil ha ei utdjuving/utmudring for å sikre framtidig drift.

Kystverket stiller spørsmål ved kvifor det er lagt inn prisstigning fram til 2026 dersom prosjektet skal gjennomførast i 2021.

Herøy kommune vil sjå nærmare på dette med prisstigning i saka. Fylkeskommunen vil likevel likebehandle Giske og Herøy kommune for dekking av finansieringsutgifter i prosjektperioden. Giske får 2,5mill, HK vil også få ein sum som vil vere HK sine del av finansieringsutgifter.

Kystverket meiner miljøopprydding ikkje skal vere med i prosjektet, ei heller på «Slippen», då Kystverket har teke med det meste innanfor området og randsonene. «Slippen» vart ikkje definert som randsonene. Dette er noko som kommune ønsker å gjere og som må haldast utanfor.

Herøy kommune meiner opprydding i «Slippen» ikkje påverkar prosjektet. Kommunen har lagt til grunn tilskot frå Miljødirektoratet «krone for krone» for denne oppryddinga (100% dekking). Dette er ikkje problematisk slik kommunen ser det. Kystverket er samd i denne vurderinga.

Kystverket ser at kommunen har lagt inn 67 mill i egenandel. Er dette knytt berre til den økonomiske risikoen?

Dette er knytt til risikoen for heile prosjektet. Herøy kommune meiner dette er risikoen som ligg til prosjektet og vi har ikkje no sett moglegheiter for å redusere denne. Vi har forstått det slik at budsjettpostane er låst. Er det rett at vi ikkje kan flytte midlar mellom postane?

Kystverket meiner kostnadsanslaget er kun rettleiande og det er totalramma som er låst. Rekneskapet skal setjast opp slik at det kan samanliknast, men midlane er ikkje låst til dei enkelte postane.

Kommunen ber at dette vert stadfesta skriftleg i etterkant av møtet at postane ikkje er låst i prosjektet.

Kystverket vil sjå på dette og gje ei skriftleg tilbakemelding. Ekstra ressursbehov administrativt kan førast under fagadministrativ ressurs. Er det byggherrepost i prosjektet?

Herøy kommune stiller spørsmål ved om kostnadar for å drive prosjektet inkl. byggherrekostnadar kan altså leggest inn under fagadministrativ ressurs?

Kystverket meiner at dersom kommunen har interne ressursar som kan nyttast til prosjektleiing eller kommunen må leige inn vika for vedkomande dette kan dette leggest inn som fagadministrativ ressurs.

Kystverket meiner deponiløysinga som ligg inne no er ein del av løysinga. Dersom de finn andre løysingar/plasseringar må dette utgreiast. Utdjupingsprosjektet er ikkje låst til indre deponi, men dersom kommunen finn andre løysingar/plasseringar må avtalen endrast.

Dette med at deponiløysinga ikkje er låst framstår som ny informasjon for Herøy kommune. Det har vore vurdert to andre alternativ og desse er forkasta. Risikoen er knytt mot plassering av deponiet og dersom kommunen kan vurdere andre plasseringar så stiller saka seg svært annleis.

Herøy kommune viser til at Multiconsult sin rapport konkluderer med at delt deponi og andre deponi ikkje er reelt. Meinar Kystverket at ein no kan vurdere andre deponi?

Ja, det stemmer. Kystverket meiner ein kan likevel vurdere andre alternativ, men desse må då utgreiast.

I arbeidet med dette har Herøy kommune også fått beskjed om at deponiet ikkje kan vere for langt frå utdjupingsprosjektet.

Det er sjølvsagt eit kostnadsspørsmål, men om ein kan finne alternativ vil Kystverket vere opne for å diskutere dette.

Kommunen kan ha andre alternativ td. på Eggesbønes(Paradisbukta) der vi skal fylle ut eit større område og Mjølstadneset så om dette kan vere aktuelt er det interessant.

Folkelista/SP er fornøgde med at Kystverket er på bana og vil finne løysingar. Herøy kommune står med all risikoen og at prosjektet held seg innanfor ramma. Vi ser at slike store prosjekt har ein tendens til å sprekke. Hamna blir begrensa då deponiet blir veldig stort. Er svært skeptisk til dette med drenering og forbelastning av masser(setningstid) og Fosnavåg Pelagic skal ha garantiar for tap av driftsinntekter. Ei samla vurdering gjer at vi er skeptisk til all risikoen som ligg i dette prosjektet. Vi bør sjå ilag etter andre områder som kan nyttast til deponi, Eggesbønes, Mjølstadnes osv.

AP meiner at dersom vi tenkjer alternativ deponi, delt eller samla, så vil dette ta tid å greie ut, vil då midlane tapt? Kan vi få garanti på at desse midlane står klar til etter vi har vurdert andre deponiløysingar?

Kystverket meiner at dersom Herøy kommune treng tid for å greie ut andre alternativ og sender søknad om utsetting så er det ingenting i vegen for dette. Herøy kommune kan også lyse dette ut på anbud for å sikre at prisen ikkje stig så kan kommune avlyse konkurransen dersom anbudet ikkje samsvarer med ramma for prosjektet.

Herøy kommune har også forstått det. Herøy kommune kan avslutte prosjektet når som helst. Det er berre Staten som har forplikta seg dersom kommunen gjennomfører i tråd med kontrakten. Det svaret vi fekk når vi søkte om utsetting sist fekk vi svar at fristane vart ikkje flytta.

Kystverket meiner Herøy kommune kan søkje om utsetting og få behandla denne. Minner likevel om at formålet med forskoteringsordninga er å framskude prosjektet. Dette ligg inne i NTP 2023-2029 så ein vil vurdere om søknaden er i tråd med formålet med. Med oppstart 2022 meiner vi prosjektet ikkje har tidspress sånn sett.

Folkelista/SP viser til at erfaringsvis så er det knytt stor usikkerheit til prosjekt i NTP som ligg i andre planperiode. Kva skjer når dette vert overført til fylkeskommunen. Vil desse prosjekta gå ut?

Kystverket viser til at staten har utdjuingsansvaret for alle prosjekta som står i NTP så dette kan framleis stå i perioden.

Kva skjer om kommunen ikkje gjer dette arbeidet no gjennom forskotteringsordninga?

Kystverket sitt innspel til neste NTP-periode er basert på samfunnsøkonomisk netto gevinst. Dette prosjektet kan vere ein del av neste NTP, men usikkert kor langt opp på prioriteringslista det vil kome.

Kystverket har levert innspel til komande NTP og der ligg ikkje Herøy og Fosnavåg inne. For perioden 2026-2033 kjem ikkje Kystverket til å gi eit innspel, men vere rådgjevar.

Kommunen stiller spørsmål om kva skjer om vi går for ei anna deponiløysing, kan midlane forsvinne under utgreiingsfasen?

Kystverket opplyser om at det kan vere ein risiko. Prosjektet har møtt fleire ukjende moment under arbeidet td. kravet frå FP om garanti. Dersom kommune justerer ferdigstillingsdato for prosjektet vil ein gi prosjektet meir fleksibilitet.

Høgre meiner det no er positivt til at Kystverket tek initiativ til møtet og for å finne løysingar. Må det gjerast eit nytt positivt vedtak om at vi går vidare med prosjektet?

Kystverket meiner det er vanskeleg å arbeide vidare når det ligg til grunn eit negativt vedtak frå Kommunestyret. Kystverket må likevel ha ein formell oppseiing av avtalen når ein har lagt så mykje arbeid i dette og ikkje berre Kommunestyrevedtaket.

Herøy kommune stiller spørsmål ved om det vil vere tidsnok at dette kan takast opp i Kommunestyremøte 24.09.?

Kystverket ser ingen problem med at dette vert evt. teke opp på neste Kommunestyremøte.

Herøy kommune ser at dersom Kommunestyret vel å sjå på andre deponiløysingar så vil ikkje dette vere i tråd med avtalen. Må det då inngåast ny avtale?

Kystverket stadfestar at ny deponiløysing vil krevje ei endring av avtalen.

Herøy kommune viser til at til no har oppstartstidspunktet vore fast. Kan dette også skyvast dersom kommunen vel å greie ut andre alternativ?

Kystverket viser til at ein må sjå tilbake på at formålet med forskotteringsordninga var å få realisert dette raskare enn NTP og dersom ein skyv dette for langt så tilsidesetter man formålet med ordninga. Så dette kan ikkje skyvast veldig langt ut.

Kommunen har lagt til grunn i saka at plasseringa av deponi var låst så det er no veldig positivt at ein kan sjå på fleire alternativ.

Kystverket minner om at den største risikoen veit man enno ikkje. Det veit man først når dette har vore ute på anbud og dersom dette vert for stor risiko så kan kommunen avlyse konkurransen.

Folkelista/SP stiller spørsmål ved om dersom anbudet viser at dette vert dyrare enn ramma, vil Kystverket endre ramma?

Kystverket stadfestar at ramma er låst til 108,5 mill.

KONKLUSJON/VIDARE FRAMDRIFT:

Positivt møte og det er vilje til å få det til. Om vi ikkje skulle lykkast med å få realisert prosjektet er det ihvertfall vist ei utruleg stor vilje til å få det gjennomført.

Det vil no bli politisk sak om å takke ja til forskotteringsordning, nei til forskotteringsordninga eller greie ut andre plasseringar for deponiet.

Møtet slutt 12:20

